



# HANDELSKAMPANJEN

Nærings- og fiskeridepartementet  
Postboks 8090 Dep.  
0032 OSLO

Dato:  
Oslo, 11.09.2015

## Høringsfråsegn til forhandlingsmandat og modell for investeringsavtaler

Handelskampanjen takkar for høvet til å koma med høyringsfråsegn til forslag til mandat/ modell for investeringsavtaler. Handelskampanjen, som er eit nettverk av norske fagforbund, og utviklings-, bonde-, miljøorganisasjonar, meiner forslaget til modellavtale må skrinleggast. Forslaget inkluderer alle dei omstridde delane av investeringsavtaler. Modellen inkluderer paragrafar som har vist seg uheldig for det enkelte land sitt høve til å føre ein aktiv næringspolitikk, land sitt høve til å ta omsyn til miljø og arbeidarrrettar, og land sin moglegheit til å iverksetje tiltak for fattigdomsreduksjon.

Handelskampanjen meiner modellen vil ha negative effektar for utviklingsland så vel som for Noreg, dersom den vert vedteken. Mest urolege er me for tvistemekanismen avtala legg opp til. Noreg har med god grunn ikkje inngått avtaler med ISDS sidan 1990-talet. ISDS gjev multinasjonale selskap stor makt til å styre over folkevalde organ, og endrar styrkeforholdet til våre demokratiske institusjonar, både utøvande-, lovgivande- og dømmende makt og domstolane. Handelskampanjen ser ISDS som utanomrettslege instansar som vil svekke demokratiet.

*Handelskampanjen vil på det sterkaste tilråde at regjeringa skrinlegg den føreslegne modellen for investeringsavtaler.*

## GRUNNLEGGENDE PROBLEM MED INVESTERINGSSYSTEMET

Høyringsfråsegna tek utgangspunkt i fire grunnleggjande problem med internasjonal investeringsrett, presentert kort innleiingsvis.

### 1. Uavhengigheit

Det internasjonale investeringsssystemet har eit problem med uavhengigheit. Representantane til tribunalet blir utpeika av partane i konflikten. Nettverksanalyser av tvisteløysarar innan internasjonal investering peikar på at personar skifter på å sitje i tribunalet og å føre saker for tribunalet. Det er eit tett nettverk som går saman for å styrke systemet opp mot statane og gjere eit bilateralt system multilateralt utan tilstrekkeleg grunnlag for det.

I tillegg ligg det ein monetærmotivasjon til grunn for systemet. Ettersom det er partane som i stor grad veljer kven som skal representere dei i tribunalet, bør ein stille spørsmålsteikn ved kor

uavhengige voldgiftsdommarane er, spesielt med tanke på å gjere strategiske val for å sikre seg å bli valde igjen.

## 2. Rettferd

I vanlege domstolar har partar som er påverka i ei sak moglegheit til å søke om å delta og få innsyn i saka. Dette er ikkje tilfelle i internasjonal investeringsrett. Det gjev internasjonale investorar særeigen tilgang til å føre sak utan motstand frå dei som saka gjeld. Det vil seie at norske kommunar, norske bedrifter og representantar for det norske folket ikkje har moglegheit for å delta, slik dei har rett til i det norske rettssystemet. Vi har sett fleire døme på at tribunal har ufarleggjort legitime krav til innsyn både i vestlege land (NAFTA - Glamour saka) og utviklingsland (Zimbabwe).

## 3. Openheit

Punkt to om rettferd heng saman med punkt tre om openheit. I offentlege saker må det offentlege få informasjon om at staten har blitt saksøkt. Sjølv om den nye modellen har teke steg for å prøve å sikre openheit i sakspapira, står det ingenting om å sikre openheit i forliket. Ein stor del av sakene som blir førte gjennom ISDS endar opp i forlik, der sjølve avtalen er unnateke det offentlege, sjølv om den endelege dommen ikkje er det.

## 4. Balanse

Det er ein stor ubalanse i internasjonal investeringsrett. Det er ikkje snakk om to like partar, men eit særeigent system som gjev preferanse til investorar over resten av folket. I ei stat-stat tvisteløysing har ein to like partar, då begge har gjevne plikter. I investor-stat tvisteløysinga er det berre statane som har plikter. Statane kan ikkje halde investor ansvarleg. Det er òg ein ubalanse mellom nasjonale og internasjonale investorar der berre dei internasjonale kan saksøke staten utanfor det nasjonale rettssystemet. Ein kan dermed argumentere med at staten subsidierer utanlandske selskap gjennom å gje dei spesiell tilgang til monetær erstatning som ikkje er tilgjengeleg for nasjonale. Ingen nasjonale domstolar ville gjeve 50 milliardar dollar i erstatning til eit selskap (som var tilfellet i Yukos saka).

# SPESIFIKKE UTFORDRINGAR MED DEN NORSKE MODELLEN

Basert på utgangspunktet skildra ovanfor har Handelskampanjen følgjande innspel:

## ISDS – alvorleg svekking av demokratiske institusjonar

Handelskampanjen ynskjer å rette spesiell merksemd på den føreslegne tvisteløysingsmekanismen, stat-investor tvisteløysingsmekanisme (ISDS). ISDS gjev multinasjonale selskap svært stor makt, ikkje berre til å verne om eigne investeringar, men også til å hindre styresmaktene i den enkelte stat moglegheiten til å føre, og endre, politikk for samfunnspolitiske føremål. ISDS er med god grunn den mest utskjelte delen av internasjonale investeringsavtaler. Handelskampanjen tilrår på det sterkaste at Noreg, dersom me skal inngå investeringsavtalar, viser til nasjonale domstolar og ein dialogprosess innanfor ramma av avtala, og ikkje ISDS. Med ISDS overfører ein makt frå den tredje pilaren i det liberale demokratiet, dømmende makt, til eit ad hoc panel med investeringsjuristar med base i Washington. I praksis vil ein ISDS innebære at tvistar berre skal dømmast ut frå investeringsperspektiv, og ikkje ut frå sosiale, økonomiske eller miljømessige omsyn. Det betyr også at tvistemekanismen ikkje har kjennskap til den lokale konteksten, til nasjonal sedvane og kultur, eller andre folkerettslege konvensjonar som Noreg og andre land er bundne av.

Handelskampanjen meiner at modellen som er sendt på høyring er dårlegare enn modellen lagt fram i 2008, og at den i endå mindre grad klarer å balansere investeringsinteresser med politisk

handlingsrom. Som det også vert påpeika i høyringsbrevet, så er uttømming av nasjonale rettsmidlar teke ut av den modellen som no er lagt fram. Dette ser Handelskampanjen som eit klart steg vekk frå ynsket om ein balansert modell. Dersom ei ekstern tvisteløysing blir vald, ber me om at ein legg til rette for ein stat-stat tvistemekanisme.

Me merkar oss at regjeringa legg opp til meir openheit og transparens rundt tvistane, og dette er ei klar forbetring frå modellen i 2008. Hemmelegald av pågåande saker har vore ein av kritikane som har kome opp i samband med ISDS dei siste åra, og det er behov for meir openheit rundt sakene. Handelskampanjen stiller likevel spørsmål ved om den foreslåtte modellen i tilstrekkeleg grad vil medføre openheit om tvistane. Etter vårt syn vil artikkel 19,2,ii gje eit relativt stort fortolkingsrom for tvisteløysingspanelet til å vurdere korvidt informasjonen skal offentleggjerast eller ei.

Sidan årtusanskiftet har det vore ei stor auke i tvistar om investeringar. Per i dag reknar ein meir enn 600 saker, men grunna hemmelege prosessar kan ein ikkje med sikkerhit sei kor mange saker som har vore førte. Aukinga av saker heng tett saman med framveksten av stadig fleire BITs og frihandelsavtaler med investeringsvern og ISDS. Mange saker har blitt førte mot land som er i økonomiske og sosiale kriser. Slik som mot Argentina etter finanskrisa i 2001.

Søksmåla er svært store, og investeringsavtaler med ISDS har difor vist seg kostbare for ei rekkje land. Handelskampanjen ser det som svært uheldig at land skal bruke store pengesummar på erstatningskrav til multinasjonale selskap. Pengar som elles kunne ha vore brukt til velferdsgoder. Spesielt kontroversielt vert dette når søksmål er retta mot utviklingsland som i utgangspunktet har små budsjett og stort behov for å prioritere pengane sine på velferd. Grunna hemmelegald er utfallet av mange saker ikkje kjend. I saka mellom Vattenfall og Tyskland er til dømes ikkje forlikssummen kjend, men ein reknar den for å vere svært høgt. Den høgste summen investor har fått tilkjend er 50 milliardar dollar i saka mellom Yukos og Russland, der sakskostnadene var på 100 millionar dollar.

Tilhengarar av ISDS peikar på at statar vinn oftare enn selskap dersom det oppstår ein tvist. Berekningar viser at statar vinn fram i rundt 40 % av sakene, medan selskapa vinn i rundt 30 %. Det ein ikkje tek med er sakene som er utanfor offentleg innsyn, eller saker der det vert forlik. Desse sakene bør reknast som ein siger for investor. I tillegg er det ikkje mogleg å måle kor stor såkalla avkjølande effekt moglege tvisteklagar har på statars vilje til å regulere. Ein indikasjon på denne effekten kan vere stagninga av reguleringar på tobakk i samband med Phillip Morris sine saker mot Australia og Uruguay. Om statars vilje til å regulere blir svekka, blir òg innbyggjarane sine rettar og sjølve demokratiet svekka.

Handelskampanjen foreslår følgjande:

1. Kutt ISDS i sin heilskap
  - a. Investorar bør bruke nasjonale domstolar på lik linje med nasjonale investorar
2. Krev uttømming av nasjonale rettsmidlar
  - a. Viss ein skal ha moglegheit til å bruke internasjonale domstolar, må ein først ha ført saka i dei nasjonale domstolane

### Kva er investeringar?

Handelskampanjen er òg uroa for at avtalene ikkje er gjensidige. Det er berre investor som kan trekke statane inn for internasjonale tribunal. Dersom ein skal kunne legitimere et system som gir investorar særeige vern, er det rimeleg å pålegge visse plikter. Her vil det vere naturleg å knytte eventuelle investeringsavtaler til FN sine retningslinjer på næringsliv, ILO-konvensjonar og

menneskerettar (UNGPs). Eit av formåla med eventuelt komande investeringsavtaler er å bidra til utvikling. Handelskampanjen stiller difor spørsmål til kvifor definisjonen av investering, slik den er artikulert i artikkel 2, ikkje inkluderer krav om at investeringa må bidra til statens økonomiske utvikling. Dette er eit av de fire Salini-krava som har blitt etablerte gjennom internasjonal presedens (blant anna i *Malysian Historical Salvors v. Malaysia*). Jamfør ynsket om samstemt politikk for utvikling, så bør dette kravet inkluderast i definisjonen. Dette vart også påpeika i UNCTADs høyringsinnspel i 2008.

Vidare bør ein unnlate artikkel 2 (viii) som utvidar eigedomsomgrepet til konsesjonar, lisensar, autorisasjonar og kontraktar. Denne definisjonen går utover det som blir rekna som eigedom innanfor norsk rett og bør endrast for å sikre at eit voldgiftstribunal handlar i tråd med norsk lov. Viss ein indirekte utvidar norsk lov gjennom ei investeringsavtale er det eit stort demokratisk problem.

Handelskampanjen tilrår også følgjande:

1. Snevre inn definisjonen av investeringar for å sørgje for at løyve ikkje kan reknast som ei investering.
  - a. - Kumulativ krav til oppfylling av kva ein investor er, det vil seie bruke "and" i staden for "or" i setninga:

*"In order to qualify as an investment under this Agreement, an asset must have the characteristics of an investment, such as the commitment of capital or other resources, the expectation of gain or profit, or the assumption of risk."*

2. Halde på Salini-tilnærminga til kva som blir kravd av ei investering til å inkludere bidrag til utvikling

### All rett og ingen plikt til investor

Artikkel 5 om generell handsaming og vern, er ikkje tilstrekkeleg definert i avtaleteksten. Dei fleste saker som blir førde mot statar er relaterte til denne artikkelen. Det er difor veldig viktig at Noreg er tydeleg på kva som blir lagt i dette vernet, både i eit nasjonalt perspektiv og i eit utviklingsperspektiv. Handelskampanjen meiner at formuleringa «fair and equitable» må ut av avtala.

Typiske problemstillingar knytt til generell handsaming og vern er forholdet til fullt vern og sikkerheit, samt om ein legg til grunn eit minstekrav basert på internasjonal sedvanerett eller eit utvida vern. For å sikre at tolkninga i valdgifttribunalet er lik den norske forståinga av kva artikkelen inneber må ein vere mykje tydelegare i definisjonen av generell handsaming og vern. Dette vart trukke fram av UNCTAD i samband med høyringa av modell BITen i 2008, men har ikkje vorte reflektert over i den nye modellen. Sett i kontekst med kravet om nasjonal handsaming opnar artikkelen per i dag for positiv diskriminering av internasjonale investorar vis-a-vis nasjonale. Dette er ikkje positivt i eit utviklings- eller nasjonalt perspektiv.

Generell handsaming og vern har vore handheva av valdgiftstribunal i saker om miljø og menneskerettar, som *Metalclad v. Mexico*, *Vivendi v. Argentina* og den nyleg avgjorde saka mellom *Bilcon* og Canada.

Handelskampanjen meiner FET må avgrensast til minstehandsaming i følgje internasjonal sedvanerett viss den skal bli ståande.

## Retten til å regulere

Folkevalde styresmakter i alle land har full rett og plikt til å regulere næringsliv, arbeidsliv, helsevesen, utdanningsinstitusjonar, innføre reguleringar for miljøomsyn og så bort etter. Handelskampanjen meiner at forslaget til modellavtale vil hindre styresmaktene i å regulere. Jamfør forslaget til modell så er det berre legitime reguleringar innan miljø, helse, sikkerheit, ressursforvaltning, arbeidarrrettar og menneskerettar, som er tillatne. Det vil seie at andre sentrale reguleringar som næringspolitiske tiltak med mål om diversifisering av økonomien eller auking av skattesatsar (utanom sektorar knytt til naturressursar) med mål om å finansiere sosiale program og sysselsetting, ikkje er tillatne.

Vidare kan eit vertsland berre iverksetje tiltak innan miljø, helse, sikkerheit, ressursforvaltning, arbeidarrrettar og menneskerettar, dersom tiltaka ikkje står i strid med avtala i sin heilskap. Det er vanskeleg å sjå denne lista av område der vertslandet har rett til å regulere som faktiske unntak, så lenge tiltaka ikkje skal kunne stå i strid med resten av avtala. Dersom artikkel 12 skal gje vertslanda legitim rett til å stille krav til investorar med omsyn til helse, tryggleik, menneskerettar, arbeidarrrettar, ressursforvaltning og miljø, så må delsetninga «otherwise consistent with this Agreement» bort. Dersom målet er å sikre retten til å stille krav på desse områda, bør ein tilføye ei setning som tydeliggjer at domstolane (eventuelt tribunalet) skal tolke i favør av miljø-, arbeids- og menneskerettar. «In case of conflict, international regulation and domestic laws on human rights and the environment shall prevail». Avtalene bør spesifisere denne intensjonen med ei utfyllande liste over internasjonale konvensjonar Noreg har forplikta seg til.

Ifølgje høyringsbrevet så ynskjer ikkje regjeringa at investeringsavtaler skal hindre naudsynte miljøreguleringar. Ein stor del av søksmåla som har kome opp i ICSIF er relaterte til miljømessige tiltak, og det er derfor fint at regjeringa har denne intensjonen. Som fylgje av global oppvarming og auka forståing for miljøproblematikk, har stadig fleire statar innført reguleringar for å verne om miljøet. Dette har gitt seg utslag i nye søksmål, då investorar må tilpasse seg nye reguleringar. Eit døme er saka mellom St Elena og Costa Rica, der tribunalet anerkjente Costa Rica sine ynskje om å auke ivaretaking av miljøet, men godtok ikkje at miljøomsyn, sjølv om dei er omfatta av internasjonale avtaler, var ein legitim grunn til å endre reguleringar utan å kompensere investor. I tillegg har ein hatt fleire saker mot Mexico under NAFTA der lokale styresmakter har prøvd å avgrense negative miljøverknader, slik som Metalclad vs. Mexico, der Mexico måtte betale over 16 millionar dollar i erstatning. Intensjonen om å verne om miljøtiltak er god. Handelskampanjen meiner likevel at forslaget til modell på ingen måte vil garantere unntak for miljøreguleringar. Om denne intensjonen skal gjenspeglast i avtalamodellen så må i det minste miljø handsamast på same måte som finansielle tiltak, og gje grunnlag for stat-stat tvistemekanisme, slik som finansielle tiltak gjer.

- Handelskampanjen meiner at retten til å regulere må oppretthaldast og menneskerettar og miljørettar må inkluderast på same liste som finansielle reguleringar.

## Bestevilkårshandsaming

Handelskampanjen meiner at artikkel 4 må ut av modellen. Ettersom modellen berre er eit utgangspunkt for forhandlingar og ein legg til grunn ulik tolking, er det vanskeleg å sjå korleis ein skal kunne skjerme seg for eksisterande avtalar.

Vedlegg B om «begrensinger» åpner for unntak. Alle endringar som er gjort for å styrke retten til å regulere, openheit og definisjonar står i fare for å falle bort. Handelskampanjen stiller spørsmålteikn ved kva regjeringa trur ho vil vinne med å halde fast på artikkelen om «bestevilkårsprinsippet» (MFN).

- Handelskampanjen meiner MFN må takast ut av forslaget.

### Nasjonal handsaming

Artikkel 3 om «nasjonal handsaming» inkluderer etableringsrett. Ved å inkludere etableringsrett reduserer Noreg moglegheiten til å skjerme seg frå aktørar som ikkje er seriøse. Utviding til etablering bør ekskluderast frå artikkelen. Eit døme vil vere at det ikkje vil vere mogleg å føre ein politikk som stimulerer og gjev forrang til nasjonale selskap. Dette vil vere negativt både for Noreg og for utviklingsland som treng å stimulere til industribygging og næringsklyngar.

- Handelskampanjen krev difor at etableringsretten må utelatast frå nasjonal handsaming.

### Å dra stigen opp etter seg

Av utviklingspolitiske omsyn meiner Handelskampanjen at artikkel 8 i sin heilskap må ut av modellen. Noreg har hatt stor nytte av å stille krav til utanlandske investorar opp gjennom tidene. Mest tydeleg er kanskje konsesjonskrava me stilte til utanlandske oljeselskap då me utvikla vår oljeindustri. Det var krav om at investorane skulle samarbeide med nasjonale selskap og også krav om teknologioverføring som gjorde det mogleg for Noreg å etablere og bygge opp sine egne oljeselskap. Krav om at investorane skulle tilsetje lokale arbeidarar og nytte seg av lokale underleverandørar resulterte i ei næringsutvikling i Noreg me knapt har sett maken til. Ifølgje modellen så skal ikkje vertsland kunne stille slike type ytelseskrav. Ut frå eit utviklingspolitisk syn meiner Handelskampanjen at artikkel 8 er høgst usolidarisk. Om me nektar utviklingsland å bruke dei same tiltaka som me har hatt stor glede av, så trekkjer me opp stigen etter oss.

Vidare vil Noreg kunne ha nytte av å stille slike ytingskrav til utanlandske investorar også i framtida. Mineralutvinning er døme på ein industri utanlandske aktørar dei siste åra har vist interesse for. Ein sentral del av debatten om Noreg skulle «starte opp igjen» med gruvedrift er arbeidsløyse, fråflytting og høve for ny sysselsetting. Dersom mineralutvinning skal ha positiv effekt på den lokale arbeidsmarknaden, må Noreg kunne stille krav til at dei utanlandske operatørane tilset lokale arbeidsfolk. Dette er berre eitt av mange døme på korleis Noreg også i framtida vil kunne ha god nytte av å stille ytelseskrav til utanlandske investorar.

- Handelskampanjen krev difor at krav til yting må fjernast for å sikre reguleringsretten og moglegheiten for å gjennomføre tiltak.

### Nasjonal kontroll og kompensasjon

Unntaka lista i paragraf 2 er viktige. Handelskampanjen meiner likevel at omgrepet «generel interest» bør konkretiserast og at unntak ikkje berre kan omfatte skatteinnbetaling, men også regulering av skattesatsar. Det hjelper lite at Noreg, eller eit utviklingsland kan iverksetje tiltak for å sørge for at investorar betalar skatt, dersom skattesatsen er på 1 prosent. Skatt er ei viktig inntektskjelde og utgjer eit stort potensiale for investeringar i helse- og utdanningssystemet. Skatt er også eit av dei sentrale argumenta for at utanlandske investeringar skal kunne bidra til utvikling i fattige land.

- Handelskampanjen stiller også spørsmålsteikn ved kven som sit med bevisbyrden. Ifølgje paragraf 2 må vertslandet beise at lovene er naudsynte. Ei slik tilnærming gjev ikkje tillit til at rett til å regulere vert ivareteke.

- Det må klargjerast at kompensasjon eine og åleine omfattar dagens marknadsverdi til verksemda, og ikkje reknestykke på moglege framtidige inntekter.

## Race to the bottom?

Artikkel 11 vil utgjere er ein viktig del av eventuelle framtidige avtaler. Ingen statar må forsake sine plikter ift oppfølging av menneskerettane, internasjonale og nasjonale standardar ift arbeidarrrettar, tiltak for å verne om miljøet eller eit lands helse og tryggleik, for å tiltrekke seg utanlandske investeringar. Statar skal ikkje konkurrere om lågast mogleg standard for å tiltrekke seg investeringar. Handelskampanjen saknar likevel eit heilt sentralt punkt her. Dei siste 20 åra har det vore vanleg for vertsland å gje utanlandske investorar skattefritak. Investorar vert tilbydd ein periode med skattefritak ved etablering (skatteferie) og/eller fullstendig skattefritak uavhengig av periode (skatteparadis). Skattefritak for utanlandske investorar er utbreidd spesielt i delar av Afrika. Dette er land som stort sett har behov for skatteinntekter for investeringar i helse- og utdanningssystem. Slike skattefritak utkonkurrerer lokale bedrifter (noko næringslivsorganisasjonar i det austlege Afrika har understreka som eit alvorleg problem), og dei reduserar det velferdspotensiale som ligg i næringsutvikling. Skatteparadis og kapitalflukt har hatt ein sentral plass på den utviklingspolitiske dagsordenen i Noreg dei siste åra. Skatt må inkluderast i lista under artikkel 11 dersom samstemt norsk utanrikspolitikk skal ha meining.

Vidare stiller Handelskampanjen spørsmålsteikn ved adressaten i denne artikkelen. Vi meiner at investor har like stort ansvar som vertslandet for å sørge for at investeringane bidreg til å auke, og ikkje svekke, standardar. Jamfør FN sine retningslinjer for ansvarlige investeringar samt for næringsliv og menneskeretter.

Skal artikkelen ha effekt må det knytast sanksjonar vis a vis investor til artikkelen. Slik paragraf 2 lyder no, så er det uklart om brot på denne delen av avtala berre fører til konsultasjon mellom partane, eller om brot på denne delen også til sist vert handsama av ein tvistemekanisme.

- Handelskampanjen krev difor følgjande:

1. Skatt må inkluderast i lista under artikkel 11 viss samstemt norsk utanrikspolitikk skal ha meining.
2. Det må knytast sanksjonar vis-a-vis investor til artikkelen

## Finansreguleringar

Sett i ljøs av den internasjonale finanskollapsen i 2008-2009 og FN-kommisjonen sine tilrådingar i kjølvatnet av krise, meiner Handelskampanjen at artikkel 9 må ut av modellen. Finansielle reguleringar og tiltak mot finansielle kriser er ein sentral del av eit lands politiske styringsverktøy. Vertsland må kunne avgrense finansflukt, dersom kapitaltransaksjonane er til skade for samfunnet under krisehandtering eller for å førebyggje krisar. Land som slit med stor kapitalflukt må kunne setje grenser for kor mykje kapital eit selskap skal kunne ta ut av landet, og kor raskt.

- Handelskampanjen ynskjer ei konkretisering av kva type investeringar artikkel 9 skal omfatte. Dersom artikkelen skal med, så må det spesifiserast at artikkelen ikkje omfattar kortsiktige investeringar (spekulasjonar).

- Vidare må ikkje eventuelle framtidige investeringsavtaler hindre land i å føre ein aktiv valutapolitikk. Paragraf 2 under artikkel 9 må etter vårt syn bort.

## Konklusjon

Handelskampanjen meiner at det vil vere ein stor feil å inngå nye bilaterale investeringsavtaler. Å tru at ein ikkje kjem til å måtte forholde seg til mandatet i eventuelle forhandlingar med utvikla land er i

beste fall naivt. Utkastet til eit forhandlingsmandat tek ikkje inn over seg konsekvensane av desse avtalene på befolkninga, næringslivet, eller staten. Staten sin rett til å regulere og eit politisk handlingsrom er nødvendig for å sikre lokalt og internasjonalt næringsliv.

Med vennlig hilsen

## **Handelskampanjen**

Heidi Lundeberg  
(sign.)